

Årsmelding

Helgheim sokneråd 2021



HELGHEIM SOKNERÅD okt. 2019-okt.2023

- Astrid Aardalsbakke Feldt, leiar
- Svein Årdalsbakke, nestleiar
- Steinar Dvergsdal
- Hildegunn Huus
- Maria Sture, skrivar
- Britt-Jannicke S. Lundal
- Sokneprest Silje Sørebo. Vikar: Reidar Knapstad

vara:

Erna Dvergsdal Krøke
Brita Maria Distad
Norvald Nedrebø
Annbjørg Ripe
Øyvind Magnus Solheim

Medlemmer til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd frå 2020 -2023

Astrid Aardalsbakke Feldt,
Merete Oline Helgheim,

vara: Hildegunn Huus
vara: Marta Fimreite

Helgheim sokn
Ålhus sokn

Valde til styret for Skei misjonshus:

Vidar Feldt
Gerd Sunde Førde

personleg vara: Inger Veiteberg
personleg vara. Kari Skrede

Rådet sitt arbeid

Helgheim sokneråd har handsama 33 bokførde saker.
Vi har handsama 47 bokførde fellessaker i lag med Ålhus sokneråd.

Av saker i 2021 nemner vi:

- Fasteaksjon digitalt, Kirkens nødhjelp
- Plan for smittevern
- Gudstenesteplan
- Høyring kyrkjeleg organisering
- Plan for konfirmantarbeid og trusopplæring
- Vedlikehald i og omkring Helgheim kyrkje
- Parkområde ved vatnet
- Arbeid med ny utsmykking i kyrkja i form av bildevevnader (gåve)
- Arbeid med antependium og frontalar til lesepult og preikestol (gåve)

Faste saker kvart år: årsmelding, rekneskap, møte- og gudstenesteplanar, budsjett, offertildeling, fasteaksjon, 50-årskonfirmantjubileum, søknader om støtte, løyvingar til frivillig arbeid m.m.

50-årskonfirmantane har det praktiske arbeidet med mat og sosial samling. Helgheim sokneråd syter for ei nemnd av konfirmantane, som organiserer jubileet. Soknerådet syter for kyrkjekaffi.

Årsmøte i 2021 var i Helgheim kyrkje 13.juni (seint grunna covid). Årsmeldinga vart lagt ut i kyrkja og på kyrkja si heimeside.

Arbeid i soknet

Sokneprest Silje Sørebo hadde før ho gjekk ut i permisjon, lagt det svært godt til rette for vikar Reidar Knapstad og andre medarbeidarar med oversyn av gjeldande ordningar for ulike gudstenester. I tillegg til årshjulet, fekk både stab og sokneråd ei eiga hugseliste med informasjon om kontaktpersonar og ansvarsfordeling ved planlegging av gudstenestene gjennom heile året. Kyrkjelydssekretæren hjelpte til med å finne fram til malar, lage og kopiere programark, når det var bruk for det ved særskilde gudsteneste. Soknerådsleiar sende ut liste over kyrkjevertar. I periodar med registrering av frammøte sytte soknerådet for at det var fleire kyrkjevertar. Alt dette var til god hjelp i arbeidet med gudstenestene og gav ei oppleving av at vi feira gudsteneste saman.

Gudstenester

2021 har vore eit annleis år også med tanke på gudstenester.

Etter å ha gjennomført jula 2020 med påmelding og maks 50 deltakarar vart det ny nedstenging frå 4.-18. januar. Deretter vart det opna igjen med strenge antallsbegrensingar. Vi hadde då fleire utandørs gudstenester i fint, kaldt og klart vinterver. Det har vore fleire ekstra små dåpsgudstenestar.

Påska 2021 vart det andre året på rad med nedstenging. Det vart opa kyrkje i Helgheim kyrkje påskeaftan grunna strenge avgrensingar når det gjeld tal deltakarar på arrangement

Konfirmasjonane vart utsette til august og september – felles prosess og avgjerd i Sunnfjord.

Etter påske tok ein til med gudstenester på ny. Frå 26. mai fekk vi maks 200 deltakarar med faste tilviste plasser og min 1 meter avstand. Dette var gjeldande under konfirmasjonane. 25. september vart alle nasjonale restriksjonar avvikla!

Ny runde med maks 50 deltakarar frå midten av desember 2021. (14/12 – 2021)

Ny runde med påmelding og mange små gudstenester i kyrkjene.

Etter gjenopninga kunne vi i første omgang berre vere 50 deltakarar på gudstenestene. Dåp kunne då ikkje gjennomførast i fleire av dei vanlege gudstenestene.

Mykje av hausten var det lov å samle opp mot 200 personar til offentlege arrangement. I Helgheim kyrkje var det mogeleg å samle opp mot 100 når ein skulle ta omsyn til reglane om avstand. Frå søndag 8. nov, var maks talet igjen nede på 50 personar ved gudstenester, noko som gjorde at nokre justeringar måtte til i forhold gudstenesteplanane for advent og jul.

Trass i eit uvanleg år har vi fått gjennomført mykje av det vi hadde planlagt av gudstenester i løpet av hausten. Soknerådsmedlemmene har stilt enda oftare opp som kyrkjevertar ved gudstenester slik at dei har vore to kvar gong. Dette har gjort at vi har kunna fylgje opp smittevernreglane på ei trygg og god måte. Konfirmantmedhjelparar har også vore til god hjelp her. Kyrkjekaffi har vi hatt i periodar, og då har det vore soknerådsmedlemmene som har stilt opp og søruga for at dette har vore gjort på ein forsvarleg måte i høve smittevern.

Nattverdsgudstenester har det ikkje vore så mange av i løpet av dette året. Smittevern har gjort at det i periodar ikkje har vore tilrådd å feire nattverd.

Klokkarane har ei viktig oppgåve under gudstenesta. Hausten 2021 fekk vi gjennomslag i fellesrådet for at også klokkarane i Helgheim sokn skal få tilbod om betaling for dette viktige arbeidet. Karen Elise Erikstad og Solrunn Dvergsdal har gjort teneste som klokkarar dette året.

Ved dåpsgudstenester har fadrane delteke aktivt i gudstenestene, bl.a. med skriftlesing.

Jølster har også mange gode song- og musikk krefter som har bidrege ved fleire av gudstenestene (sjå kyrkjemusikalsk arbeid).


Utanom nedstenginga har det vore tidebøner kvar tysdag på Vassenden kyrkjesenter kl.11, med ein kort liturgi (gjerne bønner som vert lesne som veksellesing og lesing frå Bibelen) salmesong og orgelmusikk. Har m.a. teke for seg Johannesevangeliet ved desse tidebønene. Etter tidebøna har vi hatt kaffi og prat. Her har også personar frå Helgheim sokn vore til stades.

Av gudstenester med spesielt inviterte, eller med litt annleis preg, kan nemnast:

- Familiegudstenester i samband med trusopplæringstiltak (sjå nedanfor under trusopplæring).
- Adventgudsteneste 2. søndag i advent i grendahuset i Førø
- Folkemusikk-gudsteneste i Kjøsneshogen med markering av Skaparverkets dag.
- Generasjonsgudsteneste
- Gudsteneste med konfirmantpresentasjon og jubileum for 50 års – konfirmantar
- Minnegudsteneste på Helgemesse der dei som har mista nokon sidan sist helgemesse er inviterte

Av gudstenester som pga. av koronasituasjonen har vore gjennomført på ein annan måte eller kome i tillegg til den opprinnelege planen, kan nemnast:

- Eigne dåpsgudstenester
- På julaftan vart det feira to julegudstenester i staden for den eine som vi normalt feirar. Det var påmelding til desse gudstenestene.
- Friluftsgudsteneste i Årdalsdalen og Dvergsdalsdalen.



Anna arbeid/ andre arrangement i regi av soknet

- Fasteaksjon i april vart gjennomført digitalt.
- Frå påske til pinse var ein påskevandring utstilt ved Vassenden kyrkjesenter med bibeltekster og kunstbilete. Denne utstillinga kjøpte dei to sokneråda i lag, og skal i 2022 setjast opp på Helgheim kyrkjegard.
- Det vart ikkje skulegudsteneste før jul. Skei skule vil «ta igjen» dette arrangementet med eit kyrkjebesøk i tilknytning til påska (2022).
- Barnehagegudsteneste til jul vart avlyst.
- Det har vore fleire andakter ved omsorgssenteret på Skei. Det har dessverre ikkje vore mogeleg å ha med dei frivillige hjelparane som tidlegare har vore til veldig god hjelp i samband med andaktene fordi det ikkje kan vere meir enn to personar som kjem på besøk utanfrå. Vi har heller ikkje hatt lov til å invitere inn dei eldre frå omsorgsbustadene. Koronasituasjonen har altså gjort at vi ikkje har kunne samle like mange til desse andaktene/songstundene som tidlegare.
- Verken kyrkjelydstur eller juletreffest vart gjennomført dette året pga. korona
- Helgheim sokn gjorde i 2020 avtale med Normisjon om misjonsprosjekt i India. Der støttar vi eit prosjekt som heiter «Steinknusernes rettigheter» som handlar om å betre levevilkår for fattige arbeidarar i Steinindustrien og demme opp for dei negative ringverknadane som steinindustrien har på naturen. Vi har hatt to ofringar til dette prosjektet. Avtalen går ut i 2024 og då vil soknerådet gjere nytt vedtak om misjonsavtale.
- Helgheim sokn er Grøn kyrkjelyd. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av skaparverket og Jesu Kristi etterføljarar. For oss i Helgheim betyr det m.a. at;
 - Vi markerer Skaparverkets dag og andre gudstenester i undring og takksemnd over skaparverket

- Vi sorterer avfall
- Vi brukar mindre mengde papir ved gjenbruk av programhefte
- Vi deltek i fasteaksjonen til KN

- Helgheim sokn har vennskapskyrkjelyd i Krizlice i Tsjekia

Arrangement i regi av andre

- Julekonsert i kyrkja med aktørar frå Sogndal
- Julekonsert i kyrkja med Stardalen mannskor

TRUSOPPLÆRING/ BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Kontinuerleg arbeid

Helgheim sokn har

- Søndagsskulen i Stardalen har ikkje hatt samlingar dette året, men det har vore delt ut søndagsskuleblad i postkassane.
- Torsdagsklubb på misjonshuset Skei (søndagsskule på kvardag) med Vidar og Astrid Feldt som leiarar. På torsdagsklubben er det bibelforteljing, song, formingsaktivitet og leik. Konfirmantar hjelper til. Torsdagsklubben hadde ingen samlingar i vårhalvåret grunna korona, men søndagsskuleblad vart delt ut i postkassane. Frå september til november hadde vi 4 samlingar. Det har vore 47 barn innom på desse samlingane, samt ein god del vaksne.
- Speidargruppe på Skei (Jølster KFUK-KFUM-speidarar). Hovudleiar for gruppa er Åse Britt Eide Øygard. Andre leiarar er Svein Årdalsbakke, Mona Årdalsbakke, Dagrun Thingnes, Stian Årdalsbakke (delvis permisjon), Kari Skrede, Nils Einar Kjøsnes, Karl Martin Loe Reed, Inger Anne Husevåg (permisjon). Speidargruppa på Skei har no ca. 90 medlemmer. Speidargruppa har klart å gjennomføre mykje aktivitet også dette annleis-året med mykje utesamlingar og inndeling i klassekohortar.
- Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er svært viktig for kyrkjelyden og for nærmiljøet. Leiarane legg ned ein formidabel innsats og mange av dei har stått i dette arbeidet gjennom lang tid. Både speidargruppa og torsdagsklubb/søndagsskule kunne gjerne hatt fleire leiarar. Om du sjølv kunne tenkje deg dette eller kjenner andre som kunne vore utfordra, må du gjerne ta kontakt.

Tidsavgrensa tiltak

Alle born i alderen 0-11 år har fått ein invitasjon til minst eitt trusopplæringstilbod. Dessverre har ikkje alt blitt gjennomført dette året på grunn av korona.

Prestane gjennomførte dåpssamtalar med alle dåpsforeldre.

Alle døypte får dåpslys, dåpsplakat og dåpsforeldra får ei dåpsbok for foreldre som heiter Arvegull. I kyrkja har vi fått eit dåpstre, der vi heng opp ei lita tredue for kvart barn som blir døypt. Dette er ei påminning til kyrkjelyden om å be for barna og dua vil seinare bli gitt tilbake til barnet.

Det var invitert til babysong på Vassenden kyrkjesenter både på våren og hausten. Oppmøte har vore varierende, men det er alltid nokon som kjem. På våren var dei ei god gruppe som møtte (i snitt i underkant av 10,) medan det var færre på hausten då mange var sjuke og ikkje kunne møte. Kantor i Naustdal, Erlend Os, hadde som ein del av sin jobb å spele på babysong på Vassenden dette året, medan Silje som var i permisjon hjalp til. Solveig Magnhild Lesto har stått for kaffi og mat ved babysong heile året. Ein stor takk til ho som har gjort dette i fleire år.

I slutten av oktober inviterte vi alle 2 og 3 åringar i Jølster til Trygg til natta-gudsteneste i Helgheim kyrkje med drama om Berta og Bestemor og kveldssongar og bønner. 2-åringane fekk utdelt dåpsduene sine i lag med ein bønneplakat med «Eg faldar mine hender små. 3-åringane fekk ein sprelleengel med kveldsbønner på.

Samlingane for fireåringane i Jølster med utdeling av 4-årsbok hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. I Helgheim var laurdagssamling på Skei misjonshus og gudsteneste med bokutdeling på søndagen.

Alle 5-åringane i Jølster vart invitert til hausttakkefest i Ålhus kyrkje der dei fekk utdelt matboksar med «O du som metter liten fugl» og plakat med ulike bordbønner. Grunna korona vart det ikkje grilling og aktivitet ved Kransen 4H i prestegarden etter gudstenesta, men natursti rundt på kyrkjegarden etter gudstenesta og utdeling av ulike frukt og grønsaker.

Gudstenestene med bokutdeling til 6 åringane hadde Helgheim og Ålhus kvar for seg. Planlagde samlingar i forkant gjekk ut grunna restriksjonar.

6- og 7-åringane fekk i år ikkje innbyding til noko juletefest, sidan juletefesten vart avlyst grunna restriksjonar.

Påskesamlingar for 8-åringar vart avlyst.

Tårnagenthelga for alle 9-åringar i Jølster er stasjonert i Helgheim kyrkje. Tårnet, kyrkjeklokkene og kyrkja sin bursdag er sentralt i opplegget som går over to dagar, laurdag og søndag. Diverre var det grunna smittesituasjonen i år ikkje mogleg å invitere.

Kode B: 10-åringane vart invitert til ei kvardagssamling på Skei misjonshus, og utdeling av «Det nye testamentet, friluftsgudsteneste i Årdalsdalen.

Det vart ikkje Lys Vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter for 10-og 11 åringar.

Oppslutning om konfirmasjon er framleis høg. Konfirmantopplegget for kullet som skulle konfirmerast i 2021 vart dessverre noko amputert på grunn av korona. Nattcup, konfirmantleiren på Alværa misjonssenter vart avlyst. Det vart også samtalegudsteneste og konfirmantfest. Konfirmasjonane vart utsett til august og september. Konfirmantprest Carsten Langeland hadde ansvar for 2021- kullet. Klubbkveldar fekk dei gjennomført.

Silje har vore ansvarleg for det nye konfirmantkullet som tok til hausten 2021. Vikar for soknepresten, Reidar Knapstad, hadde frå hausten 2021 ansvar for å følgje opp konfirmantane som medhjelparar i gudstenestene.

I august (som i dei tre tidlegare åra), veka før skulestart, vart det arrangert introkurs for nye konfirmantar. På dette kurset hadde Silje med seg sommarvikar og prestestudent Knut Noreide. Konfirmantane frå Helgheim og Ålhus var samla på dagtid gjennom fire dagar. Dei var to dagar på Vassenden kyrkjesenter, ein dag i Helgheim kyrkje og ein dag var dei på pilegrimsvandring frå Årdalen til Ålhus kyrkje. Den eine dagen då dei var på Vassenden, fekk dei prøve kajakk som var lånt frå campinga. I løpet av hausten var konfirmantane inviterte til fire klubbkveldar på Vassenden kyrkjesenter. På tre av desse kveldane har Daniel Lira Figueredo, programkoordinator for KFUK- KFUM Sogn og Fjordane, vore med som leiar i lag med Silje. Det har vore leigd sal i hallen på Vassenden,

slik at dei fleste konfirmantane har vore der på starten av kvelden. Så har dei etterpå gått bort til kyrkjesenteret til ei fellessamling i kyrkja, før ein har avslutta med måltid som foreldre har laga til. I tillegg til klubbkveldane var konfirmantane i november på ei samling i Førde kyrkje i lag med konfirmantane i Gaular og Naustdal. Her møtte dei eit ungdomsteam («samanteamet») i lag med «farmenpresten» Thor Haavik. Alle konfirmantane var også samla til lysmesse 1. søndag i advent i lag med speidarane, vikarierende sokneprest Reidar Knapstad og kantor Rune. Elles har konfirmantane vore medhjelparar ved gudstenester. No denne våren 2022 ventar m. a. fasteaksjon og konfirmantleir på Alværa. Kristuskransen og konfirmantbibelen har vore utgangspunkt for dei temaene som har vore tatt opp ved konfirmantsamlingane.

Trusopplæringsutvalet, trusopplærar, soknerådsmedlemmer, prestar, kantor, føresette, besteforeldre og frivillige har teke del i trusopplæringsarbeidet og konfirmantarbeidet. Stor takk til Karen Elise Erikstad som har vore ein dyktig medarbeidar i samband med samlingar i dåpsopplæringa.

Representantar i trusopplæringsutvalet frå Helgheim sokn er Inger Birgitte Kjøsnes, Karen Elise Erikstad, Silje Sørebo, Rune Molvik og Ute Lindner.

Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Erna Dvergsdal Krøke

Skei Misjonshus

Misjonshuset er viktig for det frivillige arbeidet i soknet og er i praksis Helgheim sokn sitt kyrkjelydshus. Soknerådet vel to medlemmer til styret, med to vararepresentantar. I 2021 var dette Vidar Feldt, med vara Inger Veiteberg og Gerd Sunde Førde med vara Kari Skrede

Kyrkjemusikalsk arbeid

Til konfirmasjonane i august september var lokale krefter med å sette festpreg på samlingane. I desember var det fleire konsertar i kyrkjene, med tilreisande og lokale aktørar. Den tradisjonelle julekonserten i Helgheim kyrkje vart avlyst.

Anne Turid Taklo, Marianne Hestad, Are Mangersnes og Ingunn Støfring har heva det musikalske med deltaking på blåseinstrument både på konfirmasjonsgudstenestene, julegudstenesta og andre gudstenester.

Sokneråda har delegert ansvaret til kantor og sokneprest om å seie ja og nei til førespurnad om konsert i dei ulike kyrkjene i Jølster.

I oktober var det samling i Ålhus kyrkje. Samlinga fekk namnet «Frå skulesalmeboka si tid». Her var Magnus Hope og Gunnar Smaadal med på Salmodikon, og fekk presentere prosjektet sitt. Dei hadde samspel med kantor på to salmar. Rune hadde og fått med tre andre aktørar. Song av Cathrin Hjelle Søvde frå Førde, og Rakel og Jan-Roger Myklebust på blokkfløyter. Dei var med i solo og samspel og spelte og song til allsongane som var typiske skulesalmar. Programmet var sett saman av ulike tekstar og kommentarar frå

personar som hadde opplevd det å pugge salmevers. Vi song også andre songar knytta til skulen for vel 50 år sidan – ei svunnen tid.

Songkveldar har vi ikkje hatt i 2021. Vi vonar at det nye året kan gje oss høve til å samlast og syngje gamle og nye salmar igjen

Informasjonsarbeid

Firda tar inn gudtenesteliste kvar helg mot ein symbolsk sum, men her får vi berre inn gudstenestestad og tidspunkt og ikkje noko meir om kva gudstenesta inneheld og heller ikkje anna aktivitet i kyrkjene. Dette gjer at vi må bruke andre kanalar for å nå ut til folk med kva som skjer i kyrkjene enda meir aktivt. Hyrdringrøysta vil framleis vere ein viktig kanal, i lag med plakatar, nettside og facebookside. Sekretær Toril sørgjer for at nettsida (kyrkja.no/jolster) og facebooksida (kyrkjene i jolster) stadig er oppdatert om kommande arrangement, men det er også viktig at soknerådsmedlemmer og andre i kyrkjelydane er med å gjere arrangementa kjent og dele på facebook og andre aktuelle informasjonskanalar.

Hyrdringrøysta

Redaksjon: Hallstein Dvergsdal, Hildegunn Huus og Bjørg Dvergsdal

Soknerådet vil takke alle for godt utført arbeid. De gjer ein kjempejobb med å tenkje ut stoff, få villige personar til både å skrive og delta med ulike innslag.

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd har teke over rekneskapen til Hyrdringrøysta.

Økonomien i bladet er bra. Framleis er det få i høve til kor mange som får bladet, som betalar friviljug kontingent. Det har vore til god hjelp at mange har vore viljuge til å køyre rundt i grendene og leggja bladet i postkassane. På denne måten har vi spart utgifter til porto. Dette tiltaket er med å sikre økonomien til bladet.

Tusen takk til dykk for denne viktige dugnaden.

Statistikk

Helgheim sokn	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Innmelde i kyrkja	1	0	1	0	0	1
Utmelde av kyrkja	1	2	0	0	0	6
Døypte	12	11	18	20	17	16
Døypte heimehøyrande i soknet	8	6	12	18	13	12
Vigde	3	1	1	2	5	3
Gravlagde	22	17	17	14	11	15
Konfirmerte	7	15	16	11	16	12
Tal gudstenester søn- og helgedagar	24	25	35	37	36	40
Deltakarar på gudstenester	1290	1410	3300	3347	3500	3144
Gudstenester med nattverd	7	8	14	15	14	24
Nattverdsgjester	142	205	290	311	383	739
Familiegudstenester	5	4	7	7	7	5
Deltakarar	262	305	524	603	436	462
Julevandring for barnehagane	0	1	1	1	1	1
Deltakarar	0	50	50			
Skulegudsteneste	0	1	1	1	1	1
Deltakarar	0	80	150	180		151
Musikkgudstenester	2	1	2	1	3	1
Deltakarar	120	50	500	300	130	380
Soknebod	0	2	4	0	2	2
Offer / kollekt i kyrkja	64539	66140	104251	100825	100716	106088

Skulegudstenesta er planlagt til Påskehøgtida

Bygg og Anlegg

Driftsleiar Helge Årdal har hovudansvar for slått og stell av kyrkjegardane og med seg har han hatt dyktige sommarhjelparar.

Kyrkjegarden er godt vedlikehalden. Takk til alle som steller gravene.

Det vert lagt merke til og vi får mange gode tilbakemeldingar på at kyrkjegarden er velstelt.

Rekneskap Helgheim sokn 2021

Driftsrekneskap Helgheim sokn

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
ALLE	0	0	0
300 Helgheim sokn	0	0	0
04400 Anna kyrkjeleg verksemd	0	-12 000	-1 993
Utgifter	205 760	86 748	95 072
31002 Litteratur/tidsskrift/notemateri...	1 885	0	0
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	0	0	3 562
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	1 542	5 000	3 019
31201 Kjøp av matvarer	4 430	2 000	1 679
31303 Banktenester, gebyr	877	0	340
31900 Leige av lokale og grunn	4 150	0	750
32000 Inventar og utstyr	7 418	0	0
33400 Refusjon til fellesråd	0	7 000	12 012
34650 Overføring av ofringar/innsaml...	31 105	20 000	15 682
34651 Misjonsprosjekt	1 737	10 000	10 410
34700 Tilskot/gåver til andre	0	10 000	250
35300 Dekning av tidl. års rekneskap...	0	0	3 398
35400 Avsetnader til ubundne fond	17 748	0	0
35500 Avsetnader til bundne fond	122 226	32 748	26 222
35800 Rekneskapsmessig mindreforb...	12 643	0	17 748
Inntekter	-205 760	-98 748	-97 065
38050 Tilskudd fra rettssubjektet Den...	-20 000	0	0
38400 Tilskot frå fellesråd	-77 649	0	0
38600 Offer/innsamla til eiga verkse...	-19 785	-30 000	-27 901
38650 Offer/innsamla til anna verkse...	-31 104	-20 000	-15 682
38651 Misjonsprosjekt	-1 737	-10 000	-10 410
38700 Tilskot/gåver frå andre	-26 114	-15 000	-21 326
39009 Renteinntekter	-4 205	-6 000	-6 337
39300 Bruk av tidl. års rekneskaps m...	-17 748	-17 748	0
39500 Bruk av bundne fond	-7 418	0	-15 410
04430 Konfirmantarbeid	0	0	-18 771
Utgifter	0	12 000	6 029
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	0	0	60
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	0	5 000	0
31201 Kjøp av matvarer	0	2 000	719
31204 Tilstelningar	0	5 000	0
33500 Refusjon til sokneråda	0	0	5 250
Inntekter	0	-12 000	-24 800
36100 Betaling frå deltakarar	0	-7 000	-22 000
37401 Refusjon frå fellesråd	0	-5 000	-2 800

04432 Trusoppløring	0	12 000	20 764
Utgifter	10 040	18 000	23 464
31002 Litteratur/tidsskrift/notemateri...	0	0	19 202
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	1 395	0	115
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	1 431	15 000	0
31201 Kjøp av matvarer	450	1 000	397
31900 Leige av lokale og grunn	4 400	2 000	750
33500 Refusjon til sokneråda	2 363	0	3 000
Inntekter	-10 040	-6 000	-2 700
36100 Betaling frå deltakarar	0	-1 000	0
37701 Refusjon frå andre	-6 440	0	0
38701 Fast gjevarteneste	-3 600	-5 000	-2 700

Balanse Helgheim sokn

	31.12.2021	31.12.2020
ALLE	0	0
510320000 Bankkonto folio	444 249	356 370
Uten spes	444 249	356 370
510320021 Bankkonti fond	1 413 332	1 408 627
1200 Anne Marie Sunde minnefond kt...	1 413 332	1 408 627
513080009 Periodisering inng. faktur...	1 034	963
Uten spes	1 034	963
513890002 Kundefordringar (manuell...	0	16 550
Uten spes	0	16 550
532080600 Midlertidige posteringar	46 359	3 103
Uten spes	46 359	3 103
532200003 Leverandørgjeld	-15 136	-23 225
Uten spes	-15 136	-23 225
551080700 Bundne driftsfond	-1 601 000	-1 744 639
7040 Fond Helgheim Sokn	0	-258 447
7042 Fond messehakel	-15 579	-22 997
7043 Fond, Helgheim blomefond	-82 440	-54 568
7044 Aktivitetsfond Helgheim sokn	-41 000	0
7045 Fond barn og ungdom	-48 649	0
7046 Anne Marie Sunde minnefond	-1 413 332	-1 408 627
556080700 Disposisjonsfond	-276 195	0
7500 Disp. fond Helgheim sokn	-276 195	0
559500800 Rekneskapsmessig mindr...	-12 643	-17 748
Uten spes	-12 643	-17 748

Den delen av Ålhus sokn sin rekneskap som omfattar begge sokna:

	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
ALLE	9 753	11 000	-41 170
300 Ålhus sokn	9 753	11 000	-41 170
04430 Konfirmantarbeid	9 753	0	-49 827
Utgifter	29 553	30 000	20 623
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	0	0	1 406
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	6 750	10 000	8 660
31201 Kjøp av matvarer	11 763	5 000	3 958
31204 Tilstelningar	10 640	15 000	0
31900 Leige av lokale og grunn	400	0	0
31950 Avgifter, gebyr, lisensar ol	0	0	1 000
32700 Kjøp av tenester, konsulentten...	0	0	5 600
Inntekter	-19 800	-30 000	-70 450
36100 Betaling frå deltakarar	0	-20 500	-56 100
37401 Refusjon frå fellesråd	0	-9 500	-9 100
37501 Refusjon frå sokneråd	0	0	-5 250
38400 Tilskot frå fellesråd	-19 800	0	0
04432 Trusopplæring	0	11 000	8 656
Utgifter	121 949	12 000	12 491
31002 Litteratur/tidsskrift/notemateri...	15 682	0	6 651
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	0	0	5 066
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	14 428	10 000	0
31201 Kjøp av matvarer	2 582	2 000	774
35500 Avsetnader til bundne fond	89 258	0	0
Inntekter	-121 949	-1 000	-3 835
36100 Betaling frå deltakarar	-536	-1 000	-835
37501 Refusjon frå sokneråd	-3 795	0	-3 000
38400 Tilskot frå fellesråd	-117 618	0	0
400 Hyrdingrøysta	0	0	0
04479 Kyrkjelydsblad	0	0	0
Utgifter	115 776	125 000	122 174
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	0	0	1 386
31302 Porto	9 204	10 000	10 647
31303 Banktenester, gebyr	0	0	2
32700 Kjøp av tenester, konsulentten...	59 125	50 000	76 050
33400 Refusjon til fellesråd	33 682	34 000	33 589
33700 Refusjon til andre	0	0	500
35500 Avsetnader til bundne fond	13 765	31 000	0
Inntekter	-115 776	-125 000	-122 174
36100 Betaling frå deltakarar	-89 400	-100 000	-93 490
36200 Sal av varer og tenester, gebyr...	-16 800	-25 000	-17 800
38400 Tilskot frå fellesråd	-6 000	0	0
38700 Tilskot/gåver frå andre	-3 576	0	0
39009 Renteinntekter	0	0	-13
39500 Bruk av bundne fond	0	0	-10 871

Regneskap 2021 – Helgheim sokn

Regneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk/overskot på kr 12.642,79, og soknerådet har vedteke å overføra dette til soknet sitt disposisjonsfond.

Konfirmantarbeidet

Utgifter og inntekter knytt til konfirmantarbeidet i Jølster vert ført samla i regneskapen til Ålhus sokn. Fellesrådet gjev eit tilskot på kr 550 pr. konfirmant til dekning av dei utgiftene som er fellesrådet sitt ansvar. Konfirmantane skal betala deltakaravgift som skal dekkja resten av utgiftene. Det vert normalt sendt ut faktura om hausten, men dette vart ikkje gjort i haust, og det er difor ikkje slike inntekter i regneskapen for 2021. På grunn av dette er konfirmantregneskapen gjort opp med eit underskot på kr 9.753, men dette vil bli avrekna i 2022 når innbetalingane frå konfirmantane er innkomne.

Trusopplæringa

Sokna i Jølster har fått overført kr 117.618 frå fellesrådet til trusopplæringa, dette er inntektsført i regneskapen til Ålhus sokn. Summen er fellesrådet sitt overskot på trusopplæringstilskotet frå bispedømet; grunnen til overskotet er at trusopplæraren har vore sjukmeld. Det som er regneskapsført under trusopplæring i Ålhus og Helgheim sokn er avrekna mot tilskotet frå fellesrådet, slik at regneskapane knytt til trusopplæring går i null i begge sokna. Resten av tilskotet frå fellesrådet, dvs. kr 89.258, er sett av til fond som kan brukast til trusopplæring seinare år. Det er mogeleg at det kan bli reduksjon i trusopplæringstilskotet frå bispedømet for 2022 p.g.a. at ikkje heile tilskotet for 2021 vart brukt, men dette er førebels uvisst – det vert søkt om å unngå slik reduksjon.

Kyrkjelydsbladet

Regneskapen for dette ligg også hos Ålhus sokn. Bladet hadde eit overskot på kr 13.765, inkludert eit tilskot frå fellesrådet til drifta på kr 6.000. Overskotet er sett av til eige fond.

Fondsmidlar overført frå fellesrådet

Sokna har fått overført ein del fondsmidlar som har stått i regneskapen til fellesrådet tidlegare, kr 48.649 til kvart sokn. Pengane kjem frå aktivitetar/tiltak ein tidlegare har hatt i Jølster, men som no er avslutta: Jølster Ten Sing, Jølster barnespel og Tentreff. Summen er sett av til fond for barn og ungdom.

Tilskot til aktivitetar

Sokna har fått tilskot frå fellesrådet til aktivitetar; kr 24.000 til Ålhus og kr 21.000 til Helgheim. Ettersom pengane ikkje vart brukt i 2021, er dei sett av til fond. Det same gjeld kr 20.000 som ein har fått i tilskot frå Opplysningsvesenets fond til kultur-/litteraturarrangement; dette ligg i regneskapen til Helgheim sokn.

Avvik mellom budsjett og regneskap

Under *04400 Anna kyrkjeleg verksemd* er dei største avvika knytt til dei tilskota/overføringane frå fellesrådet som er nemnt ovanfor; desse var ikkje lagt inn i budsjettet.

Når det gjeld *04430 Konfirmantarbeid* er det avvik pga. at alt no er samla i regneskapen til Ålhus sokn, medan det var fordelt på sokna i budsjettet.

Under *04432 Trusopplæring* er det avvik pga. den avrekninga som er nemnt, og at alle utgifter difor ikkje er fordelt på begge sokna.

Tilsette

På grunn av kommunesamanslåinga vart Ålhus og Helgheim sokn frå 1. januar 2020 ein del av Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Dette har ført til at mange av dei fellesrådstilsette har fått endringar i arbeidsoppgåvene sine og må i større grad ta oppdrag i heile den nye kommunen. Her merkar vi at det framleis ikkje er så lenge sidan samanslåinga og at ein del arbeid med å forme den nye organisasjonen og lage stillingsinstruksar står att. Hildegunn Huus har vikariert for kyrjetenar

Silje Sørebo, sokneprest, har hatt morspermisjon frå januar og ut året. Reidar Knapstad fast vikar for henne frå januar 2021 og ut året. Ulike vikarar har hjelp til: Carsten Langeland, Geir Sørebo, Runar Matsui – Li, Knut Nordeide og Kåre Fauske .

Inger Hageberg Øvrebø	Kyrkjeverje
Helge Årdal	Driftsjef/kyrkjetenar
Rune Molvik	Kantor
Ute Lindner	Trusopplæringsleiar
Toril Øye	Sekretær
Janne Molvik	Kyrkjetenar
Solrunn Dvergsdal	Klokkar
Karen Elise Erikstad	Klokkar
Karen Elise Erikstad	Innleigd i trusopplæringa på timebasis

Sluttord

Også dette året har vore spesielt grunna covid-19, men med god tilrettelegging og godt smittevern kan vi sjå tilbake på mange samlingar og gode treff i kyrkja.

Gudstenestene er det sentrale arbeidet i kyrkjelyden. Vi set pris på frammøtet i kyrkja, både dei som kjem ofte til gudsteneste og dei som kjem sjeldnare.

Vi er glade og takksame for at vi også dette året har fått til mykje i og omkring kyrkja vår. Det har vore gjort mykje godt arbeid med det nye parkområde ved vatnet. Kjekt at speidarane ville markere 25-års jubileet sitt med kyrkjekaffi her 19.september (sjå bilde).

I skrivande stund er Jølster Design ferdig med å veve åtte bilete, fire til kvar side i kyrkjerommet. Vi gledar oss til å sjå kunstverket på plass i kyrkja vår.

Tek med nokre utfordringar biskopen gav oss som er aktuelle utfordringar kvart år.

- Gå til gudsteneste regelmessig, fordi det er der de høyrer til, fordi de treng å høyra evangeliet sagt til dykk, og for å gje Gud ære!
- Styrk og hald oppe det trusopplæringsarbeidet de no har.
- Forkynn fram gjevargleda!

Helgheim sokneråd vil rette ei stor takk alle som har arbeidd i soknet dette året, både dei tilsette og dei som legg ned eit stort frivillig arbeid. Ei stor takk til dei som har gjeve pengegåver til kyrkjelege formål.

Takk for all omsut og forbøn for kyrkja og kyrkjeleg arbeid i Helgheim sokn.

*For Helgheim sokneråd –
Astrid Aardalsbakke Feldt*



Hovudleiar for speidargruppa: Åse Britt Eide Øygard

